

Fjellgardshallen AS

(u.s)

Prosjektbeskriving Fjellgardshallen AS Søknad om kommunal støtte

Ridehall / Fleirbruksstall, stall og sosial del

Bykle og Hovden Rideklubb



Prosjektbeskriving Fjellgardshallen AS

Søknad om kommunal støtte

Mars 2018

Bakgrunn

Ettersom dei leserane dette dokumentet rettar seg mot, har fått mykje bakgrunnsinfo tidlegare (inkludert forprosjektet som var ferdig i juni 2017), kortar vi ned denne delen og har her tatt med det vi ser på som essensen i prosjektet og søknaden til Bykle kommune. Prosjektet har utvikla seg ein god del sidan forprosjektet var ferdig, blant anna med konkrete tilbod frå leverandørar, slik at vi her har oppdaterte/aktuelle tal og fakta – og ein stort sett kan sjå bort frå forprosjektet.

Anleggssituasjonen i dag

På Fjellgarden Hovden leiger vi og våre medlemmer **8 stallplassar i det gamle kufjøset**, med ein **midlertidig dispensasjon** frå Mattilsynet. Der er det i utgangspunktet 6 stallplassar her, men ein nyttar også to provisoriske boksar i ein uisolert del av bygget då etterspurnaden etter stallplass er stor. Ikkje alle som ønskjer det har kunna få tilbod om stallplass. Så vidt vi kjenner til er det totalt 22 hestar i kommunen.

Fjøset er i därleg forfatning, blant anna med uheldig avrenning frå gjødsel grunna sprekkar i betongen. **Eigarane kjem ikkje til å gjere utbetringar av bygget der vi og våre medlemmer per i dag har 8 hestar oppstalla.**

Vi har hatt møter med idrettslaga i kommunen, andre lag/organisasjonar og næringslivet, som er interessert i å leige hallen til diverse aktivitet. Av den grunn **jobbar vi for ein fleir brukshall**, slik at den kan **nyttast til fleire aktivitetar**. Sjå utfyllande info under overskrifta «Direkte og indirekte verknader av prosjektet, ynskjer og innspel frå barn og unge» på side 11



Visjonar, behov og grunnlag for hallen

Vi har i kommunen i dag relativt gode idrettstilbod, men med stor overvekt av ski- og vinteraktivitetar. Det er behov for fleire heilarstilbod, samt tilbod for dei som ikkje er så interessert i ski. Hestesporten er på lik linje med andre idrettstilbod, viktig i kommunen i dag, men vi treng betre fasilitetar.

- Sikkerheten er på langt nær god nok for aktivitet vinterstid og vi treng ein godkjent stall.

Prosjektbeskriving Fjellgardshallen AS
Søknad om kommunal støtte


Mars 2018

- Mange held på med hest livet igjennom, på ulike nivå. Eit godt hestesportsmiljø vil bety mykje for trivsel og busetting.
- Forsking viser at born som har hest som hobby, har eit fortrinn når det gjeld meistring, både på skulen og elles. Dei lærer å ta ansvar, vise omsorg og forstå kva det inneber å forplikte seg til noko.

Bykle kommune må truleg vere innstilte på å ta imot fleire flyktningar i åra som kjem. Slik vi ser det er hestemiljøet/riding ein **god arena for integrering**, og rideklubben ønskjer å vere aktive i integreringsarbeidet framover.

Ein **innandørs ridebane vil vere avgjerande for å oppretthalde/auke interessa og kvaliteten** på hestesport og hesteaktivitetar for øvrig.

Ridinga vinterstid er avgrensa til å stort sett gå turar langs vegen. Dette er ikkje tilfredsstillande med tanke på tryggleik. Riding langs mørke, glatte vegar med mykje tungtransport, utgjer ein risiko som vi skulle ønskje vi hadde eit alternativ til for medlemene våre! **Vi ønskjer å kunne gi medlemene ein trygg plass og ri heile året.**



Dersom vi får opp hallen, er det mange moglegheiter for sambruk av anlegget.

- Bykle Idrettslag, Hovden Sportsklubb og Skigymnaset er interessert i å bruke hallen og området i samband med arrangement; både til smørehall, toalett/oppholdsrom og nytte ledig uteområde til parkering etc.
- Rideklubben kan leige ut hallen også til andre brukarar/ formål slik som til dømes Hovden og Bykle hundeklubb, Bykle Jeger- og fiskeforening, Turkompaniet (klatrevegg på eine kortsida?).
- Næringslivet kan t.d bruke hallen til messer, arrangement, utstillingar, konserter m.m. Om interessa er der, kan ein investere i mobilt plastgolv som kan leggast ut over ridedekket ved behov.
- Ungdomsklubben/mellomtrinnsklubben, skule, SFO, barnehage, speidaren m.fl. kan også vere aktuelle leidgetakrar.

Prosjektbeskriving Fjellgardshallen AS

Søknad om kommunal støtte

Mars 2018

Mål

Vårt hovedmål er natulegvis å få hensiktsmessige treningslokale, stall og klubblokale for hestesporten, slik at vi kan ha langt tryggare rammer for aktiviteten og at det finnes utviklingsmoglegheiter. Den sosiale delen/klubblokalet er viktig og her er alle velkomne når vi har open kafé etc., uavhengig av om ein er interessert i hest eller ikkje! **Eit anlegg med kafédrift og tilgjengelege toalett i området vil også kome alle dei som nyttar langrenns- og rulleskiløypene til gode.**

Vi har også ein del indirekte mål, som prosjektet vil bidra til:


- Bygge sosiale band og nettverk på tvers av alder, kjønn, etnisitet osv.
- Idrettsleg engasjement av flest mogleg barn og ungdom
- Utvikling av sunne haldningar og eit solid verdigrunnlag for barn og ungdom
- Legge til rette for gode treningsforhold for dei som vil utvikle seg idrettsleg, som igjen vil vere ein motivasjon for auka engasjement.
- Legge til rette for kompetanseutvikling for våre medlemer og styrke «støtteapparatet».
- Utvikling av ein positiv identitet og sjølvfølelse gjennom deltaking, mestring og engasjement.
- Legge til rette for «ikkje-konkurrerande» aktivitet.
- Lage ein møtestad og sosial arena for alle barn og unge i kommunen, i samspel med vaksne.

Detaljplan for området

I fellesmøte den 30. aug. 2016 mellom rideklubben, Hovden Sportsklubb og Bykle IL vart sambruks- og samordning av felles interesser drøfta, der ein såg på areala knytt til rideanlegg og langrennsarena. Klubbane kom i fellesskap fram til at det var behov for å sjå på arealbehova for aktivitetar som desse laga driv i tilknyting til det aktuelle området i Røyrvikåsen. Det vil vere mest tenleg at ein lagar ein enkel detaljplan der ein ser på aktivitetar og arealbehov innanfor kjerneområdet i Røyrvikåsen. I tillegg kom det fram frå idrettslaga at areala rundt langrennstadion med stor fordel kunne utvidast. På den bakgrunn vart det semje om å sende innspel til pågående kommuneplanprosess om utvida sportsareal. Fylgjande kart vart sendt til gruppa som jobba med rullering av kommuneplanen:

Prosjektbeskriving Fjellgardshallen AS
Søknad om kommunal støtte

Mars 2018



Detaljplanen for området kan omfatte interessene knytt til bruk og sambruk av areal i avsett sportsområde. Mest sambruk vil kanskje vere knytt til parkeringsdekninga. Under store tilskipingar, på regionalt og nasjonal nivå, vil parkeringsbehovet vere stort. Ein samla detaljplan for området vil kunne optimalisere parkeringa for slike storstemner, der mindre «lokale» parkeringsplass innanfor planområdet i sum vil kunne utgjere god nok dekning.

Innhold bygg / arealbehov / funksjon

Bygg, rom i 1. etg.	Funksjon	Areal
Ridehall	All form for ridning / fleir brukshall	60x20 m + vant
Stall med vaskeplass, bokser, fór- og flislager	Oppstalling, 10 hesteboksar – 3x3 meter (med mulighet for seinare utviding til ca. 15.)	340 kvm.
Salrom/lager	Oppbevaring av seletøy osv.	16 kvm.
Uttyrslager	Oppbevaring fortraller, dekkentralle m.m.	53 kvm.
Gjødseldeponi	Overbygget gjødsellager med container	28 kvm.
Klubbrom med garderobe, bøttekott og toaletter		160 kvm.
Kontor	Klubb-/stevnekontor	26 kvm.
Teknisk rom		10 kvm.
Lager for driftsmateriell		307 kvm.
Bygg, rom i 2. etg.		
Idrettshus / sosial del (2. etg.)	Varmestue/ møte- og kurslokale/enkel servering for inntil 100 personer Toalett/garderobe/bøttekott	152 kvm.
Kjøkken		59 kvm.
Lager ved kjøkken		8 kvm.
Teknisk rom		8 kvm.

Prosjektbeskriving Fjellgardshallen AS
Søknad om kommunal støtte

Mars 2018


Utandørs anlegg	Funksjon, størrelse / areal
Paddock	Luftegard med el. gjerde, 250-350 kvm., settast opp på dugnad.
Parkering	Ca. 10 p-plassar til daglig bruk, 180 kvm.
Opsjonar:	
Utandørs ridebane med lys	Til trening utandørs, blir ikkje tatt med i denne omgong. Kan komme seinare.
Parkering, sambruk	30-40 bilar v/store arrangement (bruk av alt egna areal).

Status per i dag

Rideklubben hadde med hjelp frå Plankontoret Hallvard Homme klart eit forprosjekt som vart sendt Bykle kommune saman med søknad om støtte 17. juni 2017. I samband med politisk handsaming av kommunebudsjettet i desember, fekk vi sterke signal om at søknaden vår om støtte på 5 mill, samt forskotering av spelemidlar vil bli innvilga, dersom vi legg saken fram med all nødvendig dokumentasjon til søknad om spelemidlar, samt ein kvalitetssikringsrapport utarbeidd av Idrettens Anleggsservice AS. Vi fekk innvilga inntil kr. 200.000,- til å engasjere Idrettens Anleggsservice AS, til kvalitetssikringsrapport og bistand med spillemiddelsøknaden. Rapporten følger vedlagt. Våre val omtalt i rapporten står på side 9.

Det er, så vidt vi har forstått, gjort politisk vedtak om at kommunen tek på seg å forestå arbeidet med detaljregulering av området. Vi viser også til felles innspel til kommunedelplanen frå rideklubben og idrettslaga i kommunen.

Krav til spelemiddelsøknaden, finn ein her: https://www.anleggsregisteret.no/wp-content/uploads/2017/09/sjekkliste_for_soeknadsbehandling_av_spillemidler_i_kommunene_2014.pdf



Prosjektbeskriving Fjellgardshallen AS
Søknad om kommunal støtte

Mars 2018

Framdriftsplan for byggeprosjektet:

- Kontraktinngåing tidlig i april
- Byggesøknad i april
- Grunnarbeid i juni
- Reising av hallen i august
- Elektro og VVS i september
- Innflytting av hestar i oktober
- Diverse/ferdigstilling oktober og november

Alle framforhandla tilbod forutset byggestart i år og det er ikkje mogleg å endre framdriftsplanen om prosjektet skal realiserast. Alle tilbod er forutsett at skal vere maksprisar og sjansen for budsjettsprekke er minimale.

Den viktigaste grunnen til at dette hastar, er stor usikkerhet ift. stallen på Fjellgarden Hovden, som er i dårleg forfatning – samt at det er usikkerhet knytt til vidare drift av garden der vi leiger.

Fjellgardshallen AS er under stiftelse. Vedtekten er justert i tråd med Kulturdepartementet sine endringsforslag, etter innsending for godkjenning (sjå vedlegg).

Aktuelle leverandørar/entreprenørar står i all hovudsak for prosjekteringa og vi har fått Olav Skinnarland til å ta prosjektleiarjobben på dugnad for klubben. Han har jobba med fleire tilsvarande prosjekt tidlegare, samtidig som han har brei erfaring frå både næringsliv, som aksjonær/eigar av div. bygg/anlegg, samt lang erfaring frå frivillig sektor. Alle prisar er no innhenta og vi har konkrete tilbod på alt arbeid som skal utførast (sjå kostnadskalkyle vedlagt).

Organisering og drift

Vi etablerer Fjellgardshallen AS, 100% eigmeld av Bykle og Hovden Rideklubb. Det blir eit arbeidande styre, der overordna ansvar for alle oppgåver er fordelt på styret. Akkurat som stallen har blitt hittil, vil vi drive den nye også på dugnad. Vi vil så langt som mogleg ha ei billeg stalleige, men til gjengjeld må hesteeigarar og alle som har hest på fór bidra i vaktordning. Dette er ein vanleg måte å drive på – og vår erfaring er at det fungerer godt. Vi har fleire erfarne hestefolk å spille på. Sjå også vedlagte vedtekter.

Driftsbudsjet	1. driftsår	2. driftsår	3. driftsår	4. driftsår	5. driftsår	6. driftsår
Kostnader						
Straum	50 000	50 000	50 000	50 000	50 000	50 000
Forsikring bygg	20 000	30 000	30 000	30 000	30 000	30 000
Kommunale avgifter	20 000	20 000	20 000	20 000	20 000	20 000
Gjødselhandtering (transport/mottak)	6 000	12 000	12 000	12 000	12 000	12 000
Brøyting	25 000	25 000	25 000	25 000	25 000	25 000
Diverse utstyr/ redskap og inventar	50 000	40 000	30 000	15 000	15 000	15 000
Diverse vedlikehald/oppgradering	0	15 000	15 000	15 000	15 000	15 000
Uforutsette kostnader	20 000	15 000	15 000	15 000	15 000	15 000

Prosjektbeskriving Fjellgardshallen AS
Søknad om kommunal støtte

Mars 2018

Flis 10 hester (72') inkl. frakt (15')	87 000	87 000	87 000	87 000	87 000	87 000
Høy 10 hestar, inkl. frakt:	100 000	100 000	100 000	100 000	100 000	100 000
Regnskapsføring	12 000	12 000	0	0	0	0
Serviceavtaler branntekn. og ventilasjon m.m.	0	30 000	30 000	30 000	30 000	30 000
Renter og avdrag lån (på 2,5 mill, 12 års nedb.)	250 000	250 000	250 000	250 000	250 000	250 000
Renter likviditetslån (momskomp)	75 000	0	0	0	0	0
Sum utgifter	715 000	686 000	664 000	649 000	649 000	649 000
Inntekter						
Kommunal støtte forsamlingshus/LIM/BUR-midler	50 000	50 000	50 000	50 000	50 000	50 000
ColorLine-midlar	50 000	20 000	0	0	0	0
Utleie av hall -næringsliv/ andre lag/org	20 000	20 000	30 000	30 000	30 000	30 000
Utleie av hall til medlemmer	12 000	12 000	12 000	12 000	12 000	12 000
Utleie av stallplass inkl høy + flis) 10 hestar (25' i 12 mnd.)	300 000	300 000	300 000	300 000	300 000	300 000
Utleie av lagerplass, 20 boder á kr. 1000,- pr. mnd.	240 000	240 000	240 000	240 000	240 000	240 000
Overskudd kafedrift	13 000	50 000	50 000	50 000	50 000	50 000
Oppstalling av hestar i feriar		2 000	2 000	3 000	3 000	3 000
Div. inntekter (parkeringsinntekter, utleige hest m.m.)	5 000	6 000	6 000	6 000	6 000	6 000
Reklameinntekter	0	0	0	0	0	0
Sum inntekter	690 000	700 000	690 000	691 000	691 000	691 000
RESULTAT	-25 000	14 000	26 000	42 000	42 000	42 000

Oppgåvene for oppstart og drift består av følgande rollar og hovudoppgåver, med overordna ansvar fordelt på det arbeidande styret i Fjellgardshallen AS:

- Styremedlem/stallmester: Vaktlister, innkjøp av fôr, skaffe flis, dekke i hallen (vatning osv.)
- Styremedlem/HMS- og driftsansvarlig uteområder: Opparbeiding og vedlikehold uteområde, gjødselhandtering, brøyting etc.
- Sekretær/adm.leiar: Innkjøpsavtalar, leigeavtalar (stall, lager, hall) innarbeide/oppdatere/informere ift. rutiner/reglar. Overordna ansvar for drift av sosial del og kafe.
- Styremedlem/marknads- og dognadsansvarleg: Marknadsføring, kontakt mot næringslivet, kontaktperson/koordinator ved utleige til større arrangement.
- Nestleiar i styret/byggteknisk drift og vedlikehald
- Styreleiar: Overordna adm. ansvar, økonomiansvarleg, booking og PR.

Hesteeigarane har vaktordning der fôring, møkking og lufting går på omgang (som i dag). Andre aktive medlemmer bidreg der det er behov, også på dognader. På årsmøtet i januar, la vi fram aktuelle

Prosjektbeskriving Fjellgardshallen AS
Søknad om kommunal støtte

Mars 2018

dugnadsoppgåver i byggeprosjektet og folk har skrive seg på liste mtp. bidrag i dugnadsarbeidet, som utgjer kr. 534.000,- og er ein del av finansieringa.

Kommentarar ift. anbefalingar og val i kvalitetssikringsrapporten fra Idrettens Anleggsservice AS

Valg av entreprise og prosjektleiing:

BHRK har valgt å ikkje gå for ei totalentreprise. Byggeprosjektet er ikkje veldig komplekst og usikkerheten anser vi som liten no som vi har jobba oss grundig gjennom prosjektet i samarbeid med alle aktuelle leverandørar. Vi har forhandla fram gode avtalar direkte med alle underleverandørane, som vi kjerner godt og har tillit til – og vi opererer med maksprisar. Leverandørane vil vere ein viktig ressurs i det vidare arbeidet. Som Idrettens Anleggsservice AS (IAS) skriv, har prosjektleiaren lang erfaring på ulike anlegg og har god oversikt og kontroll på prosjektets ulike leveransar. Vi har spart mykje på denne framgangsmåten og unngår ekstrakostnaden som ei totalentreprise ville ha medført, anslått til kr. 250.000,- frå IAS. Prisane dei har innhenta frå Proverdi AS, illustrerar innsparingena vi har gjort i prosjektet.

Med å avtale direkte med underleverandørar, har vi også hatt moglegheit til å avtale dugnadsprosjekt, noko som er vanskelig/umogleg i ei totalentreprise. Vi har konkrete prosjekt som vil utgjer minst kr. 534.000,- i spillemiddelsøknaden. Den reelle verdien er kr. 667 500,- ettersom mva ville ha kome i tillegg om ikkje arbeidet vart gjort på dugnad.

IAS tilrar også å kjøpe rådgjevingstenester, uansett val av leverandørmodell, for å bistå prosjektleiar gjennom prosjektet. Dei har tilrådd ein konsulent frå Proverdi AS, som dei samarbeider mykje med. Kostnaden for dette er anslått til kr. 200.000,-. Oppdraget er ikkje nærmare begrunna, men vi meinat at vi har gode nok føresetnader og eit godt nettverk ift. å løyse uforutsette problem undervegs. Vi har difor ikkje tatt med denne kostnaden i vår kalkyle.

Vi vil bruke kontrakten NS8406, som ivaretok nødvendige leveringsbetingelsar, betalingsplanar, garantiar, reklamasjon og forsikring. I denne kontrakten stillast det krav om bankgaranti frå byggherren (oss), men dette har hovudentreprenøren sagt at dei kan sjå bort frå, så sant vi får innvilga omsøkte midlar frå Bykle kommune. Det gir også ei innsparing, ettersom bankgaranti over 6 mnd. ville ha kosta oss ca. kr. 50.000,-.

Elles kjem vi til å holde oss under 50% offentleg finansiering, både for å tilfredsstille krav til spelemidlar og krav om offentleg utlysning.

Prosjektgruppa med prosjektleiar i spissen, kjem til å følgje byggeprosessen tett, delta med dugnad og på byggemøter, HMS-rundar med entreprenørar. Dette er viktig for å kvalitetssikre prosjektet under bygging, overhalde kontrakter og for å ta nødvendige beslutningar undervegs.

Kostnadskalkyle og finansiering

Kostnadskalkyla er basert på mottatte tilbod frå leverandørar. Den er identisk med tabellen på side 14. i kvalitetssikringsrapporten frå Idrettens Anleggsservice AS, der vi (sjølv sagt!) vel å gå for dugnadsarbeid, men utan opsjonar med torvtak og utandørs ridebane med lys. Dette kan evt. komme seinare.

Prosjektbeskriving Fjellgardshallen AS
Søknad om kommunal støtte

Mars 2018

Kostnadskalkyle	Kost. underlev. eks. mva	Dugnad	Bygg/ hall eks. mva	Totale kostn. Eks. mva	Totalt inkl.mva
Tilbyder A			5 880 000	11 233 500	14 041 875
Tilbyder A, revidert tilbud 21/11-17			6 630 000	11 983 500	14 979 375
Tilbyder B			5 600 000	10 953 500	13 691 875
Tilbyder C			6 200 000	11 553 500	14 441 875
Tilbyder C inkl. inventar m.m.			6 900 000	12 253 500	15 316 875
Totalt inkl. dugnad, grunnlag for spelemidlar og offentleg støtte		534 000			15 850 875
Sum elektro, VVS, grunnarbeid m.m.	5 353 500				

Finansieringsplan	
	-15 316 875
Egenkapital B.H. Rideklubb	-300 000
Salg reklame, gaver, dugnad, lotteri	-1 250 430
Gavefond etter søknader	0
Spillemidler (1/3)	-5 230 000
Kommunal støtte	-2 695 500
Banklån	-2 500 000
Likviditetsslån/byggelån	-3 000 000
Rest finansiering, ikkje løyst pr. 1.3.2018 – men vi jobbar for fullt!	-400 945

Opprinnelig søknad til kommunen

2 830 000	Spillemidlar
5 000 000	Tilskot BK
7 830 000	Sum

Vi søker no om:

5 230 000	Spillemidlar
2 695 500	Tilskot BK
7 925 500	Sum

I tillegg søker vi om eit kommunalt lån på kr. 500.000,- for å dekke opp manglande fullfinansiering.

Tidspresset vi har no, gjer at det blir vanskelig å dra i havn denne siste delen. Vi hadde forutsett at nokon av alle søknadene våre til ulike fond, hadde gitt uttelling - men det har det altså ikkje. Vi har blitt oppfordra om å söke på nytt i Sparebanken Sør (gavefond) og vil fortsette å söke andre fond. Det er imidlertid tidkrevende

Prosjektbeskriving Fjellgardshallen AS
Søknad om kommunal støtte

Mars 2018

og svært usikkert - og vi har altså ikke tida på vår side no. Vi kan som nevnt heller ikkje ta imot meir offentlig støtte på grunn av regelen om maks 50%.

Direkte og indirekte verknader av prosjektet, ynskjer og innspel frå barn og unge

Eit privat idrettsanlegg og initiativ som dette, gjev kommunen vår store verdiar og synergiar.

Bykle kommune vil kunne få eit **nytt og viktig heilårs aktivitetstilbod, til ein rimelig investeringskostnad**. Det blir ingen driftskostnader for kommunen, evt. med unntak av det vi søker om ift. effektavgift på straum (sjå under, «Dette søker vi om»). På same måte som hyttebygging, gir prosjektet arbeid til entreprenørar i byggeperioden og næringslivet får auka omsetning. Vi veit ikkje om det i framtida blir faste arbeidsplassar ved anlegget, men det er eit mål å kunne leige inn nokon på sikt, dersom driftsbudsjettet tillét det. Det vil uansett gi arbeid til kurshaldarar og andre innleigde, som vil vere både fastbuande og utanbygds personar.

Prosjektet vil gi mange indirekte positive effektar. Det **manglar i dag ein arena for store arrangement** på Hovden. Kapasiteten på grendehuset er for liten og til mange arrangement er gymsalen (Hovdens største arr.lokale) uegna. Ein kan her få ein ny arena i kommunen for store arrangement, som trekker til seg tilreisande, som legg att pengar i forretningar og overnatningsstader. Når rideklubben får opp eit anlegg/tilbod som dette, er det verdifullt for både reiselivet, hyttemarknaden og kommunens innbyggjarar.

Vår største motivasjon for å få realisert dette prosjektet er ønsket om at særleg barn og unge skal kunne drive med ein sunn hobby. Den viktigaste brukargruppa vår er i dag tenåringsjenter, og dette er ei gruppe som har ein tendens til å falle utanfor organisert skiidrett eller anna konkurranseprega aktivitet. Folkehelseundersøkingar viser at nettopp denne gruppa er utsett med tanke på psykisk helse. Dette aktivitetstilboden kan heilt klart sjåast på som førebyggjande tiltak for denne gruppa. Då tenker vi spesielt på hestemiljøet, men også på den nye sosiale arenaen dette blir; **ein rusfri møtestad som vi vil vere open for alle i mange av årets helger og feriar**, gjennom kafédrift på dugnad. Dette vil også vere eit lønsamt samfunnsrekneskap på sikt. Vi ser dessutan at unge jenters skuleval (videregående) er ein faktor, ettersom nokre vel å reise ein stad der dei har betre tilbod ift. å drive med hest.



Prosjektbeskriving Fjellgardshallen AS
Søknad om kommunal støtte

Mars 2018

I samfunnsdelen i kommuneplanen er dette eit punkt:

«Vidare utnytting av potensiale ved Hovden vidaregåande skule, også når det gjeld lokale elevar.»

Det er for øvrig konkrete innspel i kommuneplanen frå ungdom ift. ynskje om ridehus og ein sosial møtestad for ungdom.

Elles er det mange ting ved prosjektet vårt som er i tråd med måla i samfunnsdelen i kommuneplanen. I ramma under har **vi utheva** det som står i planen, som prosjektet bidreg til:

Utdrag frå samfunnsdelen i kommuneplanen:

«Bustad og arbeid er viktig for å få folk til å flytte til Bykle. **Trivsel og godt sosialt nettverk er viktig for at folk skal bli her.** Det må difor **arbeidast kontinuerleg med å skape gode bu- og arbeidsmiljø, gode møteplassar og gode anlegg for idrett og kultur.**»

«**MÅL FOR BYKLE:** Bykle kommune skal vere så attraktiv at folk som bur her vil bli, og at nye vil flytte hit. Det skal vere godt å bu og arbeide her heile livet. Vi må fokusere på næringsutvikling for å skape heilårs arbeidsplassar. **Vi skal legge til rette slik at alle kan ha god helse.** I reiselivet er det mange sesongarbeidsplassar. Utvikling av Bykle kommune som eit heilårs reisemål er difor viktig for å få meir fast busetting. I tillegg til dette må **kommunen trekke til seg varierte heilårlege arbeidsplassar gjennom å vere offensive og stadig ha ledige areal til nye næringar.** Vi vil arbeide for å integrere nye som kjem til Bykle. **Det er viktig at folk opplever at dei bidrar til lokalsamfunnet, samtidig som dei er ein del av det lokale nettverket.**»

«Hyttebygging skaper arbeidsplassar, men det er svært krevjande å tenke nytt rundt dette med arbeidsplassar i distrikta. **Målretta arbeid med næringsutvikling i eitt breitt perspektiv vil ha høg prioritet.** Folkehelse begynner tidleg og ein god barndom varer resten av livet. Gjennom å styrke familien som vår viktigaste base i livet, kan folkehelse betrast. I familien lærer vi å takle utfordringar og utvikle oss til eit sjølvstendig individ. Ein ser også at utdanningsnivå spelar inn. Det er difor viktig at barn og unge ser verdien av utdanning, helst slik at alle som har med barn og unge å gjøre, dyttar dei opp og fram. **Sunne sosiale nettverk, gjerne på tvers av generasjonar, gjer at samhaldet blir styrka og det individuelle presset blir mindre, særleg på unge som skal forme framtida si.**

Prosjektbeskriving Fjellgardshallen AS
Søknad om kommunal støtte

Mars 2018

At næringslivet har vist så stor entusiasme og vilje til å bidra, viser tydelig at tilbodet er viktig på fleire vis.
Her er ein oversikt over bidraga vi har fått inn:

Beløp	Bidrag- og sponsoroversikt
15 000	HovdenTour AS
1 000	Frisørkroken
1 000	Stone
100 000	Hovden Alpinsenter
600 000	Hovden Hytteservice
30 000	Hovden Sport
15 000	Kiwi Hovden
5 000	Fjellgarden Hovden v/Merethe og Rolf Arne
5 000	Terracon AS
5 000	Hovdenkontoret v/Ingvild
100 000	Norkos AS
50 000	Coop Extra Hovden
15 000	Byggmester Bjåen Egeland
15 000	Hovet Elektro
15 000	Rørlegger Torgeir Bjørnaraa
10 000	Otralaft AS
15 000	Hovden Høyfjellssenter
20 600	Bykle hotell, dognadsjobb afterski vinterferie
100 000	AS Sætersdalen
5 000	Fjellgardane Rideklubb, lappesalg julemarknad
2030	Fjellgardane Rideklubb, pantelapper KIWI/COOP
2500	Auksjon, afterski Gamle Gaard
3 300	www.bidra.no , crowdfunding
60 000	Lotteri
?	Color Line-fondet? (venter på svar)
20 000	AS Sætersdalen, dognad Hovdengildet, HovdenTour
5 000	Little Thai
15 000	Hovden Fjellstoge / God Driv
20 000	Afterski påske, skjærtorsdag i regi av Bykle Hotell
1 250 430	Sum bidrag- og sponsormidler pr. 8/3-18

Dette er **EIT KJEMPESTORT DUGNADSPROSJEKT**, som er eit gode for både fastbuande, tilreisande, næringsliv, lag og organisasjonsar. Den omfattande mobiliseringa og dognadsånda styrkar eigarskapet til prosjektet, gir samhold i bygda og det frivillige arbeidet gir mening for folk, ift. å få bidra til noko positivt, når ein veit kor viktig tilbodet er/blir for barn og unge. Den største brukargruppa er sterkt involvert for å skaffe inntekter gjennom diverse dognadsaktivitetar. Motivasjonen er enkel og konkret; dei er smertelig klar over at den einaste aktuelle stallen som er å oppdrive på Hovden i dag (på Fjellgarden Hovden), ikkje kjem til å vere brukande om relativt kort tid (ref. info om midlertidig godkjenning frå mattilsynet – og at det ikkje er aktuelt å utbetre stallen).

Prosjektbeskriving Fjellgardshallen AS

Søknad om kommunal støtte

Mars 2018

Frå www.frivillighetnorge.no :

Lokal frivillighetspolitikk betyr at kommunen tar ansvar og legger til rette for at frivilligheten skal få gode vilkår. Ved å kartlegge og gå i dialog med den lokale frivilligheten vil man få et lokalsamfunn med høyere aktivitet, trygghet og bærekraft. En slik politikk vil føre til flere vinn-vinn situasjoner for både kommunen og frivilligheten.

Frivillighet Norge mener at frivillighet må settes på den politiske agendaen og forankres i kommunestyret. En frivillighetspolitikk må utarbeides i dialog med frivillige lag og foreninger for å gi den legitimitet.

Stort potensiale

Det er mange kommunale kroner tjent på å samarbeide med frivilligheten. De bidrar til et varmere og mer tillitsfullt samfunn, større samfunnsdeltakelse og mer demokrati. Frivilligheten kan være helsefremmende og har beredskap for å takle kriser og ulykker. Ikke minst skaper frivilligheten liv og røre.

Dersom kommunen legger til rette for en helhetlig frivillighetspolitikk på alle nivåer, vil dette gi en aktiv og voksende frivillig sektor. Dette vil føre til flere frivillige og lokalsamfunnet vil få høyere aktivitet, bli tryggere og mer bærekraftig. Kommunen vil spare penger, men også få gode samarbeidspartnere i arbeidet mot bedre folkehelse. Det vil bli mindre ensomhet og man får økt sosial kapital blant befolkningen.



Dette søker vi om

- Kr. 2 695 500,- i kommunalt tilskot
- Forskottering av spelemidlar på kr. 5 230 000,-.
- Kommunalt lån på kr. 500.000,- for å dekke opp det vi mangler for å fullfinansiere prosjektet. Lånet vil vi sjølvsagt betjene med renter og avdrag etter evt. avtale.
- Vi ber om ein tinglyst punktfesteavtale på 40 år (minimumskravet ift. spelemidlar er 30 år, men i samråd med banken søker vi om 40 år).
- Ved større idrettsarrangement, der straumbehovet aukar kraftig vil vi be om å få ta straum frå Hovden Langrennsarena, på same måte som Hovden Sportsklubb/Bykle I.L. gjer i dag. Vi ynskjer i så fall å føre fram straumkabel frå kommunens anlegg i langrennsarenaen til yttervegg fleir brukshall, til bruk ved store arrangement.
- Vi ber også om å kunne nytte tilkoplingspunktet i langrennsarenaen for byggestraum i anleggsperioden, der vi sjølvsagt dekker kommunens kostnader til straum.

Prosjektbeskriving Fjellgardshallen AS
Søknad om kommunal støtte

Mars 2018

Vi håper på velvillig handsaming av søknaden.

Med venleg helsing

Bykle og Hovden Rideklubb

Prosjektgruppa v/

Yvonne L.B. Hall, Trude E. Mikkelsen, Unn Hovden, Eldri Haugen, Merethe Hjemdal og Olav Skinnarland

Ta gjerne kontakt om det er spørsmål!

- Unn Hovden, leiar av arbeidsgruppa, tel. 915 60 215
- Olav Skinnarland, prosjektleiar, tel. 99 33 45 72

VEDLEGG:

- **Kvalitetssikringsrapport frå Idrettens Anleggsservice AS**
- **Vedtekter for Fjellgardshallen AS (u.s.)**
- **Avtale ift. punktfeste**
- **2 Tekningar av hallen**